

Helligdien

Norsk Kirke ad. Grønning

Stille Stemder

et norskt blad for tru og gudlegdom

Nr. 16.

30. august 1933.

45. årgangen.

Dåpspakti og borni.

Kven er i stand til rett å hjelpe borni sine til å verta ståande i dåpspakti.

Kva vil det segja at eit barn vert vara i dåpspakti? Eg meinar ikkje, at me kann hjelpe deim til å gå fri av det vonde, av syndi. Og eg meinar heller ikkje, at barnet skal veksa i ei einaste bein line, so det ikkje kjener trøng til å umvenda seg til Gud. Men eg meinar, at det skal hava vanskeleg for å koma frå Gud.

Barnet tek Guds eigedom i eige. Det fekk honom i dåpen. Når barnet veks til, slær den umedvitne gudskjensle ut. Dei hev havt henne upp gjennom barneåri. Dei høyrrer Gud segja: Gakk og arbeid i vingarden min. Då stend dei på val. ~~Me må arbeide for~~ ~~at~~ borni våre då lyder og vel rett.

Men hev det so mykje å segja, at barnet vert verande i samfundet med Gud? Ja, overlag mykje. Der er dei, som meinar, at røynsla burte frå Gud er so verdfull. Lettsinnug og därleg tale! Dei som hev vore burte og er komne attende veit, at der er mykje brote ned i karakter og vilje, som aldri meir vert bygt upp.

Den som alltid liver nær Gud, kjem nok ikkje til å gjera so store røynslor til å byrja med — men

kor mykje hev dei ikkje vunne! Der er noko so forunderleg harmonisk yver livet deira. Dei hev fenge i seg åndi i evangeliet, og hev vorte stålsette ved henne. Og dei slepp desse merki etter syndi.

Eg er viss på, at kvar einaste kristen far og mor, kjenner, at dei burde få borni sine til å liva i pakti med Gud. Men det hev vore ei syrgjeleg likeleie hjå oss på denne umkverven.

Det hev vorte mest som ei fast mening også hjå dei kristne, at dei unge må koma burt frå dåpspakti. Iminsto kjenner ein det slik. Når far og mor soleis på fyrehand slær fast, at det ikkje nyttar å vara barnet, ja so nyttar det heller ikkje. Men me må ikkje hava ei slik mening. Me må ikkje gjeva upp og lata borni sigla for alle vindar. ~~Me må hjelpe dem~~

Dersom du får augo opp til å sjå, at du her stend framfor ditt livs største oppgåve, då tek du fat, og du kann makta det utrulege. Men du må alltid handsama barnet ditt som barn, også religiøst. Du kann ikkje venta, at barnet ditt skal hava den same kanning av syndi si som du, eller skyn på Kristi død som du — nei, det kann du ikkje krevja. Barnet må få lov til å vera barn. Du må ikkje bruka tvang.

Der er mange døme på, at krist-

ne foreldre ikkje hev havt vit til å handsame borni som born. Dei vilde at kristendomen i barnet skulde overa seg som hjå dei vaksne. På den måten hev dei på deim ei tvangstrøya, som berre gjer vondt.

Du må læra sjå barnet ditt som Guds barn, og du må hjelpe det til å sjå seg sjølv som Guds barn. Du må framfor alt ikkje bruka Gud til å skräema med. Trur du barnet vert glad i ein, som det høyrrer er harm på det? Gud er sorgfull, når ditt barn syndar. Gud elskar barnet både når det er snildt og når det er uskikkelegt.

Eg nemner tri bodord, som du skal gjeva borni dine: Ver lydig, ver sannferdig og ver uthaldande! Det er krav du kann setja til eit barn. Ein må ikkje gjeva barnet lov til å trassa seg fram mot foreldri sin vilje. Barnet må vera lydigt. Borni må ikkje få lov å koma seg undan ved å umgå sanningi. Dei må lærast å vera sanne. Og barnet må vera uthaldande. Ikke få taka fat og so slutta, men fullføra det det hev teke på med. Gud sjølv er sann og han held ut. Det må også me gjera. For me skal likna Gud. Borni må få vita, at krafti til å halda ut må dei få frå Gud. Og du må gå fyre med ditt eige fyreredøme, med di du sjølv hentar krafti frå Gud gjennom bøni, og dagleg bed um tilgjeving for di-

ne synder. Det same må du segja til borni dine at dei må gjera, gå kvar dag til Gud og bed um forlating for det som dei måtte feila i.

So må me endeleg hjelpe borni våre til å passa på ungdomen sin. Det hev so overlag mykje å segja. Låkt lag øydelegg gode seder. Serleg kring konfirmasjonsalderen hev dei unge so lett for å falla for lokkingane åt kameratane. Gjer det hugnadsamt for dei unge heime. Lat deim der få gledja seg. Lær deim å elskha heimen, og lat deim få lov til å taka kameratar heim med seg.

Og so må de hjelpe deim til å beda. De må samla deim kring ordet i heimen. Og når du les Guds ord for deim, so lat det vera kort, so dei ikkje vert trøytte.

Lat borni få merka, at du sjølv er glad i å lesa Guds ord. Men tvang må du ikkje bruka. Noko med det beste i mitt liv var stundene heime hjå mor, då me las Guds ord kveld og morgen.

Gløym ikkje, at borni må få lov til å vera i arbeid. Lær deim å gjera noko godt. Dersom dei ikkje lærer å gjera noko godt, so vil dei gjerne gjera noko gale. Lær deim å gjera små kjærleiksgjerningar. Send deim til fatige med mat til dømes. Lær deim å kjenna, at dei stend i Guds tenarflokk.

Og det ikkje minst viktige er å beda *yver* dine born. Då legg du deim inn i Guds sterke armar. Og tilsist er det Guds sterke and som kann gjera det alt saman. Tru på Gud som hev synt seg so stor for deg i ditt eige liv, og ver so tilfreds.

Gud hev mange vegar å finna barnet ditt på. Du kann vera trygg på, at bønene dine ikkje er til fånyttes. Mors bøner fylgjer med barnet fram gjennom livet og gjer hjarta urolegt inntil det vender seg til Gud.

Legg barnet ditt inn til Gud kvar dag. Og til dykk unge vil eg segja: Gjer far og mor den glede, den stør-

ste glede dei kann uppliva, at du segjer til deim: Eg vil høyra Jesus til. Det vil også for deg verta den største glede og livslukke i tid og æva.

Etter domprost Iversen.

«Min Gud, som du vil.»

*Når døri vert stengd
for det som fekk eiga den djupaste
lengt,
når målet som vinka so ljost i det
blå,
du skynar so vel at du aldri kann
nå —.
Når sumarens blomar du batt deg
til krans
lyt missa sin glans.
Lik brusande båre i hugen det bryt
og kjempa du lyt.*

*Den ljósilde gut
laut folna og livsljoset sløkkjast
heilt ut.
Ein ungdom, som stod i sitt fagra-
ste skrud
vart lagd i si kiste og boren derut.
Det eine er Allheimens konung som
veit
kor hjarta er såra — kor striden er
heit.
Gud veit kva det kostar å bøygja
si ånd
for allmaktens hand.*

*Kva meiner du Gud?
So spør du so vonlaus i såraste sut.
Du gløymer då aldri den livsfriske
knupp
som vilde mot dagen og solljoset
upp.
Gud gav honom evnor og vilje og
mot.
og gávone tok han med takksemnd
imot.
Men vegane Herrens lik våre ei er.
Det røyna me fær.*

*Når sorgbøygd me sit,
vår Jesus oss hjelper og gjerer oss
rik.
For tvers gjennom alt lyser øvelivs-
von,
vår gut gjekk då heim til sin fre-
sar. Guds son.
Han kviler so sël, no ved fredsfyr-
stens barm.
Med Jesus han liver i draumfagre
land.
Der livssoli rann.*

*Og når du fær sjå:
nett slik var dét livsvegen hans
skulde gå,
Då bed du: Gud hjelp meg, når
uviss eg gjeng,
so sjeli kann lyfta sin skjelvande
veng.*

*Og når du fær kviskra: «Min Gud
som du vil»,
då ser gjenom tåror du frelsarens
smil.*

*Å lær oss å segja med tårevåt smil:
«Min Gud som du vil!»*

S.

Ei solstråle.

Kven, kjenner ikkje solstrålen? Og ikkje berre det, kven elskar ikkje solstrålen? Spør den vesle fuglen, um den ikkje elskar solstrålen; og du vil få det gladaste svar i den tidelege morgonstund, når soli sender sine strålar inn millom trei og jagar myrke og nattekulde. Ja, då takkar den vesle fugl, for ljoset og livet med fløytande tunge. Og spør den vesle blomen. Den gjev oss då det beste svar, me kann ynskja, med di den dag for dag vender seg etter soli, og strekkjer seg etter den for å drikka so mykje av hennar strålar som mogelegt. Alt det som liver og andar på jordi, elskar soli sine strålar; for det er skapt til å veksa og utviklast i ljoset. Og sjå so til menneska! Kor glad og frisk gjeng ein ikkje til sitt arbeid um våren, når soli sine strålar hev sigra yver vinterens snø og is. Kor Jukkelegt å stå upp frå vinterens kulde og myrke, og taka til med nytt mot og friske krefter, når soli sine strålar er med til hans arbeid. Lat oss også med det same gå inn um døri til den sjuke, som er bunden til stova, eller endå til sjukesengi. Kor langt lettare synest ikkje hans kår honom, når den vesle solstrålen kjem inn vindauge, og lyser i stova eller strålar burt yver teppet. Den fortel honom allerfyrst, at soli er på himmelen, og so mange andre herlege ting, som jagar dei myrke tankar frå sinnet.

Ja, soleis er det, å kjenna solstrålane og å elska dei vert eit og det same! Kva er so ein solstråle? Ja, me må vel nærmast segja, at den er ikkje noko, den er då i det minste ingen ting i seg sjølv; men den er ei lysande bod, utsend av seli for å spreida ljós og gleda, lækjedom og signing kor den kjem. Lukkelege solstråle, det er då ein herleg gjerning du hev, og kor lett det gjeng for deg! Du haustar kjærleik rundt um der du smeltar isen; men vel å merka, du stel aldri nokor æra frå soli, for du veit best sjølv, at utan henne var du mindre enn ingen ting. Men utan strev, utan sorger går du, der soli sender deg, likso godt inn i den einsame selle, som til kongens slott. Ja, me kunde fristast til å misunna deg, dersom me ikkje nettupp sjølve var etla til den same lukkelege lodd. Eg høyrd nyleg fylgjande tale um eit Guds barn: «Ho er ein solstråle, kor ho kjem.» Lova vera Gud, tenkte eg, so hev ho då fått læra den simple løyndom, å vera inkje i seg sjølv, men berre å leva av nåde i Gud. So kann Gud bruaka henne til eit lysande bod frå honom, kvar ho so ferdast, anten under dei store eller små forhold.

Kjære ven, trur du ikkje, at Gud gjerne vilde bruaka både deg og meg soleis?

So send meg, Gud, din stråle
frå herlegdomens glans,
so Ijoset ifrå målet
må fylla all min sans
og vis meg rette vegen,
når foten gjeng mot fall,
so eingong frelst og fegen
eg når til himlens hall.

Ein ungdom.

Sol over tilværet.

Inne i dei djupe skogar, eller på små einslege gardar under skogbrynet, sat i dei utlange vintrar i svolt og naud, medan krig og dyrtid låg yver landi, magre konor med

bleiknande born som magrast og kvitna på puta, til livsens siste gneiste ein dag gjekk burt frå dei rá fargelause liv, og over barnelega stod ei mor og vred hendene i namnlaus angst, uttærd og holøygd i andletet. Ho såg ikkje sol over det meiningslause tilværet.

Og liv kom og liv kvarv utan at sol kveiktest over deira fatige liv. Og ute var det hunger og krig over landi. Blod dekte markene, skuldraust blod av dei mange som i bøn seig der ute. Og Guds andlet var liksom gøynt bak um grå skodde. Kven kunde sjå hans miskunnsame andlet gjenom blodeimen yver likdekte marker.

Og inne i dei små heimar der sat folk og svalt, og kyrkjeklokka klang over liv som øyddest i dei arme heimar. Alt var so meiningslaust, liksom so langt burte frå Herrens andlet Og deira liv kom og kvarv utan solblenk frå høgare heimar.

Men ein stad stod ei stovehytte under høgfjellet, dit inn hadde og armodi nått, ho nådde alle stader. Ei sjuk mor låg mager under åklædet, og borni gjekk einsame og stellte kring mori si lege.... Og dei bøygde seg over mori og gret, det var so vonlaust dette tilværet, sukkadei.

Men mori turka burt tårone frå augo åt borni sine, og det bleike andletet hennar smilte, endå sorg og armodi var gjest i deira hus. For ho hadde funne den sol som også yver armod lyser....

— Gråt ikkje born, sa ho, for over vårt tilvære lyser Guds sol. Han gløymer oss ikkje i vår vesaldom. Det var bleikt andletet hennar og uttært av hunger. Likevel smilte ho, som um ho fekk skoda inn i høgare heimar.

— Me hev havt det godt i vårt ringe stand, me hev mykje å takka den himmelske Fader for. Det var smil over hennar andlet; ei høgare sol lyste over hennar tilvære. Ho

hadde lært den kunsti å skoda Gud gjennom hennar fatige liv....

Og borni skyna mor si, dei hadde frå den grå vogga lært å skoda upp mot ein himmel, som Guds kjærleik lyste ifrå.

Kanskje dei i ein rikmannsheim ikkje kjende den gleda som dei der inne hyste himmelsol yver tilværet.

Lukka, det er noko større enn rikdom og ære, det er å ha funne Gud og nøgjast med det han gjev. Det er sol over tilværet.

Olav Alvheim.

Utenkt føre.

Ein solklår fager dag, sat ein kunstmålar utmed havstrandi med lereftet framfor seg. Det var eit sjeldsynt fargespel. Solstrålane leika på dei skumkvite bårone og den brune havstrandi. Synet av dette tok kunstmålaren so, at han gløymde alt anna for berre å få festa det til lereftet som låg framfyre honom, ikkje ansa han, at staden der han sat heldt på verta kringflødd so vegen til lands vart stengd og han sjølv um ikkje lenge vart yverskyld av bårone. Ein ven som kom gåande dit og såg dette ropa til han, men det såg ut som han ingenting høyrd eller kunde høyra, uppteken som han var med sitt. Venen såg då ingen annan ut veg enn at han tok ein stein, sikta og trefta målarstykket so både bilet og pensel fall på sjøen.

Kunstmålaren for fyrst opp harm yver denne ugjerning. Men då han fekk sjø stoda han var i, at det galldt hans eige liv, vendest det som var so bittert til takksemid mot den ven som på ein slik brutal måte hadde berga hans liv.

Dette tykkjer eg minner so um dei ordi av profeten: «Til fred vart for meg det beiske, ja det beiske, og du drog kjærleg mi sjel or den djupe grav.»

Kor hev ikkje Gud skipla so mang ein kjær plan for oss. Det

var ei eller onnor von som brast, eller det var det eller det arbeid som gjekk i stå for oss. Og kanskje helst det, som var oss mest kjært og hadde kosta mykje tid og arbeid. Men det var for å redde oss frå det som var endå verre.

Godt er det um me kjenner den handi som er utrett for å redde og frelsa oss.

K. I. H.

Fangen si soge.

I Akershus landsfengsel var klokka 3 kvart i ni um kvelden, då kvislesignalet gjekk. Soveromi vart opna, og til tonane av ei klokke, som ringde med lange dumpe slag, strøymde fangane inn i deim.

Dessé soveromi er små, eit for kvar fange. Dei ligg i rekkje og rad beint imot einannan langs etter ein lang gang. Dørene er høge, opne jarngitter, so nattevakti, når ho gjeng rundt, lett kann sjå inn til alle:

Den unge straff-fangen Anton var den kvelden ille til mode. Han låg lenge, fyrr han fall i svevn, og tenkte med anger og samvitsnagg på gamle mor si, som han hadde gjort so stor sorg, og som han ikkje hadde set på fleire år.

Hadde han no ikkje vore stengd inne på Akershus, tenkte han, so vilde han gjerne hava tala med henne og bede um tilgjeving.

Endeleg sovna han. Like imot Anton sitt rom hadde Peder sitt. Då det leid på natti, fer Anton dattelleg upp og ser gjennom jarngitteret.

«Peder», ropar han.

«Ja.»

«Kva er klokka?»

«Ho er halv tolv», svara Peder, ein av dei fåe straff-fangane som hev klokke.

«Kvifor spør du um det?»

«Jau», segjer Anton, «eg vart dattelleg vekt av, at ei hand strauk meg yver panna. Det var handi

hennar mor, og eg høyrdé henne segja: «Liv so vel då, guten min!» «Å, du hev berre drøymt,» segjer Peder.

«Nei, det var ingen draum! Eg er viss um, at det hev hendt mor noko. Du skal sjå ho er død.

«Ja, ja,» segjer Peder, «det kann henda so mykje rart millom himmel og jord. Klokka er altso halv tolv ho.»

Dagen etter fyre middag kom direktören for landsfengselet opp til Anton og sa: »Eg må diverre fortelja Dykk syrgjeleg nytt. Mor Dykk er avlidi. Ho døydde kl. 1/2 12 inatt.»

Bruk dagen.

Altfor ofte vert det gløymt å bruká dagen. Ein tenkjer og drøymer um framtid. Det er som det er dei unge sin eigedom dette med vonfulle draumar. Ein skal verta til noko stort i livet, og spreida ljós og lukka, og ein lengtar og gled seg. Og det er sjølvsagt bra nok. Men det er ein ting som under dette so lett kann verta gløymt, og det er å bruká dagen. Bruka den og nyttá den i alle måtar best. Tenk um dei store draumane ingen ting vart av. Tenk um den dagen idag vart den siste. Kor tåpelegt då å gløyma nyttá den dagen idag.

Men me synest kanskje ofte at me inkje høve hev til å spreida glede, eller giera noko for dei andre. Då kann ein finna noko som stend i Efesarbrevet 2, k. 10. vers. Dér stend um at Gud fyreåt hev lagt ferdige gode gjerningar, at me skulde vandra i deim. Kann henda dagen gjev høve til å trøysta eit barn eller vera mild mot ein sjuk, eller gleda ein gamal eller fa-

tig. — Det er um å gjera at høvi ikkje gjeng unytta forbi.

Og dersom ein når dei høgare mål i livet, kann ein fylla sin plass på ein rikare måte når ein fyrst var tru i det små.

H. B. A.

Bladmannaskulen

gjev upplæring i bladarbeid ved brevbytte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,
Bygdøy, Oslo.

Solglimit

— månadsblad for Norsk vanføresak —

kjem ut i Alvøy, pris kr.
2,00 um året. Meldingar,
utgreidingar um sakl
frå inn- og utland, for-
teljingar o. a. Styd van-
føresaki ved å tinga
bladet!

FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve
av studentmållaga i Oslo,
Nidaros og Aas.
Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.
Fritt og friskt.

Bendeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegård 20
Kaffistova, Torget 6
Kaffistova, Østervåg 25.
GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telsgongarden Torget og Haraldsgt. 126
ved Landmannstorget.

Framifrå stell.
Beste og billegaste matstover i byen
Husbunad i norsk stil.
Stort bladhald.

Hugs bladpengane!

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3,00 for året. Engarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komme til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda

M. Årlo's prenteverk — Volda.